



Arkivnr: 2015/3081-9

Saksbehandlar: Siri Hanson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

Rapportering på bruk av tilskot for Business Region Bergen i 2014

Samandrag

BRB fekk i 2014 kr 4 180 000,- i tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Av desse var kr 2 400 000,- til drift og 1 780 000,- til prosjekt. Totale utgifter til prosjekt i 2014 i regi av BRB var kr 9 634 000,-.

Av dei samla driftskostnadane for BRB AS og BRB Vekst på 16 368 000,- var 2 563 000,- til «eksterne prosjektkostnadar» dvs innkjøp av tenester i prosjekta. Løyvinga frå HFK på 1 780 000,- som var øyremerka til prosjekt, har bidrege til delfinansiering av desse «eksterne prosjektkostnadane». Av driftskostnadar på til saman kr 13.8 mill er kr 2.4 mill dekkja opp av tilskotet frå HFK. Tilsaman har 2.6 mill av interne ressursar (m.a. tidsbruk) i BRB vore nytta til prosjekt.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek «Rapportering på bruk av tilskudd for Business Region Bergen i 2014» datert 26. juni 2015 til etterretning.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.06.2015

Business Region Bergen har sendt inn den årlege rapporten på bruk av tilskot frå Hordaland fylkeskommune. Årsrekneskap og årsmeldinga for selskapet ligg til grunn. Business Region Bergen er eigd av Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og eit Regionråd og 12 kommunar og driv regional næringsutvikling, etablerarsenter og profilering/marknadsføring av Bergensregionen. Business Region Bergen har særleg fokus på å stimulere til auka samhandling mellom det offentlege, næringsliv og forskning- og utviklingsmiljøa. BRB Vekst AS er eit selskap eigd av BRB AS. BRB Veks AS har ingen ansatte.

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 698 583, mot eit underskot på kr -1 327 301 i 2013. Det går fram av oversikta at driftskostnadane for BRB AS og BRB Vekst AS i 2014 var kr 16.4 mill. I flg tildelingsbrevet frå HFK datert 29.04 2014 er løyvinga kr 2.4 mill til driftsstøtte og kr 1.78 mill i prosjektsøtte i 2014.

Av dei samla driftskostnadane for BRB AS og BRB Vekst på kr 16 368 000,- var kr 2 563 000,- til «eksterne prosjektkostnadar» dvs innkjøp av tenester i prosjekta. Løyvinga frå HFK på kr 1 780 000,- som var øyremerka til prosjekt har bidrege til delfinansiering av desse «eksterne prosjektkostnadane». Av driftskostnadar på tilsaman kr 13.8 mill er kr 2.4 mill dekkja opp av tilskotet frå HFK. Tilsaman er kr 9.6 mill nytta til prosjekt og tiltak i 2014 i regi av BRB.

Prosjekt og tiltak som hadde prioritet i 2014:

Prosjekt og tiltak	Innhald	Total kostnad NOK
Etablerar senteret	Kurs, rettleiing, treffpunkt	2 174 400,-
Profilering	Omdømmebarometer, kommunikasjonsplan, Vekstlandet m.v.	2 580 000,-
Marin	Utvikling av marin klynge, NCE- søknad	80 800,-
Støtte til nettverksorganisasjonar	ONS, Raff Designuke i Bergen, ODT Sotra Arena, Grow-ukene	364 100,-
Strategisk Næringsplan (SNP)	Utarbeiding av plandokument	1 173 100,-
Delegasjonsreiser	OTC Huston, Seafood Expo Brussel, Rio Oil & Gas	960 400,-
Vertskapsfunksjon	Delegasjonsbesøk i samarbeid med Bergen Næringsråd, IN, nettverksorganisasjonar, ambasadar m.fl.	489 500,-
Andre prosjekt	Mellom anna næringsarealportal, interkommunale planprosessarmyndigheitskontakt, Gullruten	1 611 200,-
SUM		9 623 800,-

Tala viser utgifter til prosjekt; både interne og eksterne (sjå vedlegg for detaljar)

Vurdering:

BRB sin rapport syner at tilskotet i 2014 var nytta og disponert etter intensjonen og at midlar avsett til prosjektet var nytta til tiltak i tråd med Strategisk næringsplan og selskapet sin strategi. I tråd med vedtak i sak PS 29/2014 den 10.12.2014 i fylkestinget er no avtalen mellom BRB og HFK fornya med 4 år og ny vurdering etter 2 år. Denne avtalen inneber ein ny berekning av tilskotet. Frå og med 2015 vert det ikkje særskild øyremerka midlar til prosjekt i tilsegnet. I 2015 var løyvinga kr 3 978 000,- (PS 27/2015).

Vedlegg:

1. BRB AS. Årsrekneskap 2014
2. BRB AS. Styrets beretning 2014
3. BRB Vekst AS. Årsrekneskap 2014
4. Rapport på bruk av tilskudd for Business region Bergen i 2014.